

Mål og meinings

Ein heilskapleg norsk språkpolitikk

Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008)



KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET



MÅL OG MEINING – EIN HEILSKAPLEG NORSK SRÅKPOLITIKK

Forord

Regjeringa har i Soria Moria-erklæringa lagt opp til ein offensiv språkpolitikk.

Rammene for ein slik politikk vart skisserte i stortingsmeldinga – *Mål og mening* – som Kultur- og kyrkjedepartementet la fram i juni 2008, heretter omtalt som språkmeldinga.

Aldri tidlegare er det her i landet lagt fram eit så omfattande stortingsdokument som på ein systematisk måte drøftar den norske språksituasjonen. Og ikkje sidan 1970 har Stortinget hatt ein brei språkpolitisk debatt på grunnlag av ei eiga melding frå regjeringa.

Bakgrunnen for ordskiftet den gongen var å finna ein veg ut av den striden som kløyvinga mellom målformene og dei tilhøyrande rettskrivingsspørsmåla hadde ført med seg. I dag må språkpolitikk ha eit mykje vidare perspektiv.

Saman med ei særskild melding frå Kunnskapsdepartementet om språkstimulering og språkopp læring skal språkmeldinga danna grunnlaget for ein heilskapleg norsk språkpolitikk.

Språkmeldinga er eit nybrotsarbeid som inneholder mykje dokumentasjon og analyse. Ho måtte difor bli eit omfangsrikt dokument.

Samstundes er meldinga eit så grunnleggjande kulturpolitisk dokument at ho fortener eit stort publikum. På dei følgjande sidene kjem difor hovudinnhaldet i meldinga i konsentrert form.

Dei nummererte kapitteloverskriftene viser til tilsvarende nummerering i den fullstendige meldinga. Kapittel 2, Samandrag, er ikkje med i kortversjonen.

Heile meldinga er tilgjengeleg på følgjande nettadresse:

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/kkd/Dokument/Proposisjonar-og-meldingar/Stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-35-2007-2008-.html?id=519923>

Trond Giske
kultur- og kyrkjeminister





1 Formål og bakgrunn

Formålet med språkmeldinga er å leggja grunnlaget for ein ny og heilskapleg språkpolitikk. Det overordna målet for ein slik politikk er å sikra posisjonen for norsk som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg.

Med omgrepet samfunnsberande språk er meint eit overordna fellesspråk som i eit moderne, fleirkulturelt samfunn blir brukt til administrasjon og samfunnsdebatt, som held storsamfunnet saman og gjev det identitet, samstundes som det også gjev gode leve- og utviklingsvilkår for alle dei språklege delkulturane som finst i samfunnet.

At språket er komplett eller fullverdig, betyr at det har slik status at det kan brukast i alle samanhengar, og at det har utvikla eit spesialisert ordforråd som gjer at det er i levande bruk i alle delar av samfunnslivet, på alle språklege bruksområde og i alle språklege bruksfunksjonar.

I tillegg til dette overordna målet må ein heilskapleg språkpolitikk også leggja til rette for likestilling mellom bokmål og nynorsk og ta omsyn til det gamle og nye fleirspråklege mangfaldet, det framandspråklege kompetansebehovet og den nordiske språkfellesskapen.

Ein heilskapleg språkpolitikk må handla om språk og språkbruk innanfor alle samfunnssektorar og dermed ha ein sektorovergripande eller tverrgående karakter.

Eit sentralt utviklingstrekk i mange land er ein aukande tendens til bruk av engelsk også i situasjoner der sjølve kommunikasjonen ikkje krev det. Når engelsk vinn stadig sterke inngang til fortrengsel for norsk, står vi overfor faren for såkalla domenetap. I den grad denne tilstanden smittar frå eitt samfunnsdomene til eit anna, kan eit fullverdig norsk språk vera truga.

Ein framtidsretta språkpolitikk i Noreg som i andre land må difor byggja på den erkjenninga at nasjonalspråka våre vil stå seg stadig dårlegare dersom vi ikkje har ei medviten haldning til verdien av vårt eige språk og utviklar ein strategi for aktiv språkstyrking.

I tillegg til dette grunnleggjande språkstyrkingsperspektivet må ein heilskapleg språkpolitikk også leggja til rette for å dyrka sjølve språket og språksystemet og for å utvikla språkevnene og vareta dei språklege rettane til kvar enkelt språkbrukar.

Ei arbeidsgruppe oppnemnd av Språkrådet la i 2005 fram rapporten *Norsk i hundre! – Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder – et forslag til strategi*. Dette er det sentrale grunnlagsdokumentet for meldinga.



3 Overordna mål og verkemiddel

3.1/2 Overordna språkpolitiske prinsipp

Dei språkpolitiske måla handlar om språk og språkbruk innanfor alle samfunnssektorar. Samstundes legg denne meldinga til grunn at språk først og fremst er eit kulturuttrykk, og at det er dette som motiverer ein eigen, heilskapleg språkpolitikk.

Meldinga legg difor opp til å etablera språkpolitikk som eit sektorovergripande politikkområde med kulturpolitiske forankring.

Det betyr at alle departement må ta språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører eigen sektorpolitikk, men at det overordna ansvaret for å utforma, tolka og fremja språkpolitiske mål skal liggja klart og eintydig i Kultur- og kyrkjedepartementet.

Med operativ støtte frå Språkrådet som fagorgan skal dette departementet ha ein språkpolitisk koordinerings- og pådrivarfunksjon og eit ansvar for å sikra ein språkpolitikk som er konsistent og einskapleg.

Også innanfor kultursektoren sjølv er det behov for i større grad å integrera språkpolitiske omsyn.

3.3 Eit permanent språkpolitisk oppfølgingsregime

Skal språkpolitiske omsyn få større vekt, må dei koma tidleg inn som premissar i ulike avgjerdss prosessar. Det må difor kvila eit ansvar på sektorpolitiske aktørar for å informera og høyra Språkrådet. Dessutan vil departementet i komande lov- og regelverksarbeid vurdera å formalisera nødvendige høyrings- og konsultasjonsordningar.

Eit breiare samfunnsengasjement krev at Språkrådet har kompetanse til å analysera språkpolitiske verknader av sektorpolitiske tiltak. For å få gjennomslag må Språkrådet byggja på relevant og haldbar dokumentasjon. Jamvel om Språkrådet ikkje er ein forskingsinstitusjon, bør observasjon og analyse setjast meir i system.

For å kunna følgja korleis særleg stillinga for norsk språk utviklar seg over tid, vil Språkrådet få i oppgåve å utarbeida ein årleg språkpolitisk tilstandsrapport, eit språkbarometer.

Den lovfesta meldinga om målbruk i offentleg teneste vil bli utvida til ei heilskapleg språkpolitisk rapporteringsmelding som grunnlag for eit breitt språkpolitisk ordskifte i Stortinget i kvar stortingsperiode.

3.4 Språkpolitisk lovgeving

Språkrådet er i dag eit forvaltningsorgan med basis i vedtekter fastsette av departementet. Dette kan bli for laust og sårbart, og departementet vil difor utarbeida eit framlegg til lovforankring av Språkrådet. Ei lov med forskrifter vil gjera institusjonen meir robust og gje det språkpolitiske pådrivar- og koordineringsarbeidet større autoritet og legitimitet.

Ei slik lov må sjåast i samanheng med spørsmålet om også å lovfesta norsk som nasjonalSpråk. I arbeidet med den nye kulturlova frå 2007 vart det dessutan reist spørsmål om grunnlovfestning av språk- og kulturomsyn. I dag er samisk språk verna i Grunnlova, men ikkje norsk. Stillinga for norsk i Noreg har hittil vore teken for sjølvsagd.

Eit debattinnlegg frå 2004 gjorde derimot gjeldande at i vår meir globaliserte tid treng også majoritetskulturen vern i grunnlov, og det vart foreslått ei føresegr om utvikling og vern av norsk kultur og språk. Dette er ei litt anna tilnærming enn ei føresegr om norsk som nasjonalSpråk.

Ei lovforankring av norsk språk kan elles grunngjevast med at det er lovteknisk uryddig når lov om målbruk i offentleg teneste gjev bokmål og nynorsk ein formell status som fellesnemnaren norsk ikkje har. Dessutan representerer ikkje mållova i innhald noko vern av norsk språk generelt, til dømes mot presset frå engelsk.

I Danmark har eit regjeringsoppnemnt språkutval våren 2008 konkludert med at det ikkje er behov for ei eiga språklov. I Sverige derimot vart det like før på oppdrag frå regjeringa lagt fram ei utgreiing med eit konkret forslag til ei samla svensk språklov, som både skal tryggja stillinga for svensk som hovudspråk og verna det språklege mangfaldet.

Departementet har kome til at det her i landet er behov for ei generell språklov som slår fast det norske språkets offisielle status og funksjon. Her er det ikkje sikkert at uttrykket *nasjonalSpråk* gjev dei rette assosiasjonane, og departementet vil mellom anna vurdera den svenska løysinga, *hovudspråk*, som alternativ nemning.

Ei generell språklov kan kombinerast med oppdaterte og tilpassa føresegner også om samisk, gamle og nye minoritetsspråk og norsk teiknspråk, slik at lova blir eit samla uttrykk for den norske språksituasjonen. Lovutforminga må elles sjåast i samanheng med spørsmålet om eventuell grunnlovfestning.

Det må også vurderast korleis ei generell lovforankring for norsk språk skal knytast opp mot dei meir omfatande reglane om bruk av bokmål og nynorsk i staten.

Det har lenge vore arbeidt med å finna eit fastare rettsgrunnlag for å avgrensa verkeområdet for desse målbruksreglane. For statstilknytte verksemder som ikkje er ein organisatorisk del av forvaltinga, må det etter gjeldande rett gjerast ei totalvurdering i kvart tilfelle, og det vide skjønnsrommet gjer at desse vurderingane lett blir omstridde. Departementet foreslår no at verkeområdet for mållova blir avgrensa etter same modell som den nye offentleglova.

Departementet vil elles vurdera innhaldet i gjeldande lov- og regelverk, m.a. om systemet med målbruksreglar tufta på dei kommunale målvedtaka bør justerast eller gjerast meir robust med tanke på endringar i kommunestrukturen, om det bør vera målbruksreglar også i kommunar og fylkeskommunar, ikkje berre i staten, om reglane betre kan tilpassast nye teknologiske rammenvilkår, og korleis ein skal sikra betre etterleving av reglane.

Formålet er å styrkja mållova som eit effektivt instrument for reell måljamstilling. Ei ny lov må difor ikkje

svekkja grunnleggjande prinsipp som gjeldande kvotekrav på 25 prosent og retten til å få svar på brev i eiga målform.

3.5 Språkrådet – oppgåver og organisering

Dei tradisjonelle basisoppgåvene i Språkrådet er forvaltnings-, tilsyns- og rådgjevingsoppgåver i samband med rettskrivings- og normeringsspørsmål. Gradvis har språkvern fått større merksemd, og institusjonen er no omorganisert for å kunna leggja større vekt på utoverretta, haldningsskapande språkstyrkingsarbeid.

Departementet har ved tre tidlegare høve tillagt Språkrådet nye oppgåver: i 1994 tilsynsoppgåver etter mállova og administrasjon av Stadnamnstenesta, i 2000 fagleg-administrative rådgjevingsoppgåver innanfor språkteknologi og dei siste åra ansvaret for klarspråksarbeid i staten.

I denne meldinga blir det også foreslått nye og utvida oppgåver som krev tilførsel av kompetanse og kapasitet. Her vil departementet prioritera å gje Språkrådet funksjonen som nasjonalt terminologiorgan, dinest ressursar til å driva eit meir aktivt språkstyrkingsarbeid, og i tredje omgang kjem så den ansvarsutvidinga som blir drøfta nedanfor.

Ein meir heilskapleg språkpolitikk krev nemleg ei vurdering av om Språkrådet bør ha eit utvida ansvar også for andre språk i Noreg enn norsk. Etter gjeldande vedtekter skal Språkrådet ta omsyn til den totale språksituasjonen i landet, men det er berre for norsk språk at institusjonen har eit meir konkret og operativt ansvar.

Under arbeidet med omdanning av Språkrådet var det mange høringsinstansar i 2004 som gjekk inn for at den nye institusjonen burde arbeida med heile språkfeltet i Noreg, dvs. at språksituasjonen for alle som bur i Noreg, burde innarbeidast i ein sams språkpolitikk knytt til det

nye organet. Dette er i hovudsak gjennomført i Sverige.

Departementet vil førebu ei slik utviding av ansvarsområdet til Språkrådet og gje ei hurtigarbeidande ekspertgruppe i mandat å foreslå korleis dette ansvaret kan konkretiserast og avgrensast. Forslaget må behandla kvensk, romani og romanes, norsk teiknspråk og dei nyare innvandrarspråka.

Etter samelova skal Sametinget arbeida for vern og vidare utvikling av samiske språk, men Kultur- og kyrkjedepartementet har eit overordna ansvar gjennom forvaltninga av språkreglane i samelova. Spørsmålet om Språkrådet skal spela ei rolle også for samisk språk, må drøftast nærmere med relevante instansar og avklarast etter gjeldande prosedyrar for konsultasjonar med Sametinget.

Departementet legg elles opp til at Språkrådet i tillegg til dei fire tematiske fagråda institusjonen har i dag, skal få eit femte fagråd med minoritetsspråk, språklege mindretal, framandspråk og generelle språkopplærings-spørsmål som tematisk arbeidsområde.

Systemet med fagråd er etablert for å sikra at Språkrådet har breiast mogleg samfunnskontakt for arbeidet sitt, og erstattar ei uavhengig rådsforsamling som før omorganiseringa utgjorde det organisatoriske fundamentet for institusjonen. Motsett rådsforsamlinga er dei noverande fagråda oppnemnde av og formelt underordna styret, medan styret blir oppnemnt av departementet.

Departementet vil drøfta med Språkrådet om det er behov for justeringar eller tilpassingar i den nye styrings- og organisasjonsmodellen, men legg ikkje opp til prinsipielle endringar.

4 Det norske og nordiske språklandskapet

4.1 Språk og språkvariantar i Noreg

Over 90 prosent i Noreg har norsk som morsmål. Norsk standardspråk er kløyvd i to skriftspråk, bokmål og nynorsk, også kalla målformer, med bokmål som det dominerande bruksspråket.

Overslaga over talet på samiske språkbrukarar varierer mellom 10 000 og 20 000. Nordsamisk dominerer, men rundt rekna 500 personar bruker lulesamisk og nokre hundre sør-samisk.

Elles er kvensk, romani og romanes minoritetsspråk med langvarig basis i Noreg. Overslaga over kvensktalande varierer mellom 2000 og 8000. Dei som kan snakka romani, tel frå nokre hundre til eit par tusen, og gruppa av romanestalande er på 300–400.

Meir talrik er den nyare innvandrarbefolkinga, dei som verken har foreldre eller besteforeldre som er fødde i Noreg. Dei utgjer nærmare 460 000, og morsmålsbakgrunnen deira fordeler seg på meir enn 150 ulike språk.

Norsk teiknspråk er språket som blir brukt av norske døve, i alt om lag 5000 personar. Med pårørande og fagfolk kjem talet på teiknspråkbrukarar opp i om lag 16 500.

4.2 Formell status for språka i Noreg

Norsk er hovudspråket og nasjonalspråket i Noreg og er også offisielt språk ved at det har rettsleg status som offentleg administrasjonsspråk, utan at dette er lovforankra. Bokmål og nynorsk har derimot lovforankra status som likeverdige og likestilte norske skriftspråk.

Samisk har lovforankra status som likeverdig og likestilt med norsk etter nærmere reglar. Dei fleste av reglane gjeld berre innanfor eit forvaltningsområde som i dag omfattar åtte kommunar. På dette grunnlag er også samisk offisielt språk.

Samisk har folkerettsleg vern gjennom ILO-konvensjonen om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar, medan kvensk, romani og romanes er språka til tre av fem folkegrupper i Noreg med status som nasjonale minoritetar etter Europarådets rammekonvensjon.

Desse tre språka, saman med lulesamisk og sør-samisk, har også folkerettsleg vern gjennom den europeiske pakta om historiske regions- og minoritetsspråk, medan nordsamisk etter pakta har eit sterkare vern gjennom plikter som er rettsleg bindande for Noreg.

Dei nyare innvandrarspråka er ikkje minoritetsspråk etter folkeretten.

Heller ikkje nynorsk er minoritetsspråk etter folkeretten, men kan i staden omtalaast som eit mindre brukt språk.

4.3 Kva er eit eige språk?

Kva som utgjer eit eige språk, kan definerast etter lingvistisk avstand eller etter i kva grad det eksisterer som ein sjølvstendig standardisert språkvarietet.

Lingvistisk kan kvensk sjåast som ein variant av finsk, men i 2005 vart kvensk i Noreg formelt godkjent som eige språk.

Innanfor samisk er nabodialektar gjensidig forståelege, men ikkje dialektar som ligg geografisk langt frå kvar andre. Nordsamisk, lulesamisk, sør-samisk og fleire blir difor dels rekna som hovuddialektar, dels som eigne samiske språk.





5 Språk og makt

5.1 Innleiing

Historisk har språk og språkutvikling i Noreg vore eit sentralt stridstema i den rikspolitiske maktkampen, men språkstriden vart gradvis avløyst av språkfred. Skjulte maktmekanismar og maktstrukturar gjer likevel at makt framleis kan ha mykje å seia for språksituasjonen. For språket både formidlar og avspeglar dominansforhold i samfunnet.

5.2 Språklege maktmekanismar og maktstrukturar

Språkmakt kan koma frå språket sjølv, frå det å ha ordet i si makt eller frå ytre omstende.

Makt kan utøvast direkte i tvangs- eller avgjerdssituasjoner, eller indirekte gjennom symbol, institusjonar og sosiale strukturar. Den siste maktutgreiinga nyttar uttrykket ideologisk makt om dei omgrep og kategoriar som gjev mening til verda kring oss. Desse blir nettopp danna gjennom språket.

Makt kan vera formelt forankra i eit system eller i uformelle strukturar, til dømes marknadsmakt. Forholdet mellom språk kan vera utslag av ideologisk marknadsmakt. Den offentlege språkpolitikken må difor justera for følgjene av den språklege marknadsmakta.

Gjennom ideologisk makt kan visse språk og språkformer bli oppfatta som betre enn andre. Ein bestemt språkbruk kan også blir oppfatta som naturleg eller nøytral og dermed vinna fram utan grunngjeving.

Men grunnlaget for at språkbruk og forholdet mellom språk endrar seg, er alltid knytt til maktmekanismar. Ei fri eller naturleg språkutvikling i tydinga upåverka av politisk, økonomisk eller ideologisk makt er knapt tenkjeleg.

Ofte blir språkleg identitet tydelegare når han kan knytast til eit mindretal. Men dersom språklege mindretalsgrupper ikkje maktar å samordna eigne interesser, kan det utløysa språkleg avmakt. Sterkast er avmakta når det ikkje utan vidare blir akseptert at eins eige språk blir brukt.

Både nynorskbrukarar og dei tradisjonelle språklege minoritetane har lidd under slik avmakt. Men kanskje takk vera den nyare innvandringa er no språkleg mangfold i ein viss grad ein ideologisk maktfaktor på nasjonalt nivå.

Globalisering styrkjer i dag bruken av engelsk, men fremjar også toleranse for språkleg mangfold. Individualisering svekkjer kollektiv språkleg identitet. Privatisering innsnevrar potensialet for direkte regulering av språkleg makt.

Maktmekanismar verkar uavhengig av intensjonar og formelle ordningar.

Dominans er nedvurdering av språkbruk og språkformer som har låg prestisje hos dei som forvaltar hegemoniet.

Hegemoni er å ha eit strukturelt eller definisjonsmessig overtak som gjer at makta verkar sjølvsagd og ikkje må grunngjevast.

Marginalisering inneber at noko blir mindre viktig, og ignorering at noko ikkje blir teke med i vurderinga i det heile.

Assimilering inneber at språklege særtrekk blir viska ut, og at minoritetar går opp i majoriteten.

5.3 Motmakt og demokratisk makt over språket

Språkleg motmakt kan utøvast på grunnlag av synlegjering og dokumentasjon av ein språktradisjon og gjennom frivillig organisering og språkbaseret institusjonsbygging. Men i eit demokrati er det til sjuande og sist eit ansvar for fleirtalet å sikra vilkåra og dei legitime rettane til språklege mindretal.

Nynorskbrukarar er i mindretal på nasjonalt plan, men har fleirtalsmakt i delar av landet. Alle språklege minoritetar vil elles kunna avgrensa fleirtalsmakta dersom dei kan vinna ei viss ideologisk makt.

Massemedia er blant dei som bruker og spreier språk mest. Mange mediebedrifter arbeider innanfor tydeleg definerte språkrammer. Såleis avgjer redaktøren kva målform tilsette medarbeidarar skal bruka, men lesarane får no sjølve velja målform i eigne meiningsytringar.

Gjennom systemet med skulemålsrøystingar har Noreg ein lang tradisjon med eit særskilt språkpolitisk lokal-

demokrati for å regulera eit grunnleggjande aspekt av forholdet mellom bokmål og nynorsk.

Motsett mange språkkonfliktar i andre land er den norske språkstriden regulert gjennom fredeleg og demokratiske konfliktløysing. Mange brot på lover og reglar på det språklege området fungerer likevel som språkleg diskriminering.

Også ord og uttrykk i språket kan fungera språkleg diskriminerande, særleg bruk av opphavleg gjengse nemningar som kan avspeglia negative haldningar frå ei anna tid.

5.4/5 Språkleg makt og sosiale skilnader

Språk kan forma, halda ved like og forsterka sosiale skilnader, men det er ingen automatisk samanheng mellom språkleg makt og sosial eller økonomisk posisjon.

Det finst mange døme på at gatespråk har vunne over høgstatusspråk, at opphavlege nynorskformer har vorte vanlege også i bokmål, og at ord frå innvandrarsspråk er tekne opp i det norske allmennspråket.

Gradvis har også språklege minoritetsgrupper fått større språkleg definisjonsmakt. Samstundes kan sviktande norskspråkleg integrering, til dømes blant innvandrarkvinner, gje språkleg avmakt.

Eit studium av språk og kjønn gjev elles ein nøkkel til å forstå synet på kvinner og menn i ulike kulturar. Tradisjonelt har maktforholdet mellom kjønna avleira seg i språket.

Nynorskbrukarar, samar og nyare innvandrargrupper har kvar sine språklege kjerneområde og har dermed eit visst maktgrunnlag gjennom regional forankring.

Men fråvær av språk i bruk på nasjonalt nivå kan likevel gje språkleg avmakt ved at mange språkbrukarar blir framande for sitt eige språk.

Også spesialisert vitskapleg fagspråk og eit uklart og innfløkt offentleg språk kan gje avmakt ved å fungera som språklege maktbarrierar overfor folk flest. Det kan hindra både innsikt utanfrå og utsikt innanfrå.

5.6 Domenetap, språkskifte og målbyte

Å velja å halda fast ved eit språk føreset eit press i retning av språkbyte som brukarar av eit dominerande språk sjeldan vil oppleva. Språkskifte til dømes frå samisk til norsk, frå nynorsk til bokmål eller frå norsk til engelsk er difor ikkje nødvendigvis utslag av reell valfridom.

Språkleg dominans blir i offentleg forvaltning til ein viss grad motverka gjennom formelle maktmekanismar, medan uformell makt kan forsterka til dømes bokmålsdominansen i det private næringslivet.

Situasjonstilpassa eller fullstendig språkskifte til det dominerande språket er gjerne eit utslag av det sosialt formålstenlege. I fornorskingstida for samisk og kvensk bidrog dette i større eller mindre grad til at det som før var morsmålet, etter kvart vart eit framandspråk for mange.

Målbyte frå nynorsk til bokmål skjer i dag særleg etter ungdomsskulen, og jenter ser ut til å skifta lettare og tidlegare enn gutter. Observerte tendensar frå nokre år sidan gjorde det sannsynleg at kvar tredje nynorskelev ville skifta til bokmål før fylte tjue år.

5.7 Strategi for omfordeling av språkleg makt

Omfordeling av språkleg makt inneber å sikra norsk-språkleg og fleirspråkleg mangfold, fremja språkleg deltaking for alle, leggja til rette for reell valfridom og språkleg likeverd og fremja den språkdelte norske kulturen som eit nasjonalt felleseihe.

Dette vil også vera med på å sikra den språklege berekrafta for norsk språk. I tillegg krevst ein aktiv politikk for å fremja norsk som fagspråk med utgangspunkt i prinsippet om norsk når du kan, engelsk når du må.

Aktiv lovgjeving, målretta støtteordningar, lokale folkeröystingar og offentlege informasjonskampanjar er blant dei aktuelle verkemidla i ein offensiv politikk for å endra språklege maktforhold.



6 Språklege rettar og interesser

6.1 Språkets funksjon for språkbrukarane

Gjennom språket opplever og forstår eit menneske tilværet, uttrykkjer tankar og kjensler, og samhandlar med andre. Språket gjev tilgang til litteratur og kultur og er nøkkelen til medverknad i samfunnet og framgang i utdanning og yrke.

Informasjonssamfunnet stiller aukande krav til språkmeistring. Det er uroande at mange elevar forlèt skulen utan tilstrekkeleg lesekompetanse. Dårleg språkmeistring kan også reproducera og forsterka sosial ulikskap. Tidleg språkstimulering er difor eit nøkkeltiltak.

6.2 Språkleg variasjon, toleranse og kvalitet

I Noreg er det vid aksept for dialektbruk, og meir standardisert talemål har ofte eit regionalt preg. Toleranse og respekt for språkleg variasjon står ikkje i motsetnad til å framelska munnleg språkmeistring og retoriske evner. Sikker meistring av skriftspråket krev større evne til å følgja eit fastare mønster. Rettskriving, teiknsetjing, setningsbygging og tekstformning er sentrale element i dette.

6.3 Språk – ein demokratisk rett

I tråd med framlegg i *Norsk i hundre!* og tilsvarende grunnlagsdokument i Sverige og Danmark vil ein ny språkpolitikk byggja på tre demokratiske rettar: retten til nasjonalspråk, retten til morsmål og retten til framandspråk.

Den nordiske språkdeklarasjonen frå hausten 2006 legg dessutan vekt på at alle nordbuar av omsyn til den nordiske språkfellesskapen må læra eit skandinavisk språk og kunna forstå dei andre skandinaviske språka.

Shift

Norsk

Delete

Insert

7 Språkstyrking – eit komplett og samfunns- berande språk

7.1 Generelt

7.1.1 Språkmangfald og språkdød

Verdien av språkleg mangfold er sterkt understreka i europeisk og internasjonalt kultursamarbeid. Målet om å vareta språkarven i heile verda står i skarp kontrast til tanken om språkskilnader som ei praktisk hindring for internasjonal utvikling. Alle språk er unike uttrykk for ein fellesmenneskeleg erfaringsrikdom.

Men utviklinga går i retning av færre og større språk. Aldri før har vi sett ein meir dramatisk språkdød. Aldri har eitt språk dominert slik engelsk no gjer som internasjonalt fellesspråk i den globale konkurransen.

7.1.2 Framtidsutsikter for norsk språk

Dette utfordrar jamvel veletablerte nasjonalspråk. Sjølv om norsk har ein storleik og styrke som gjer at det ikkje er rekna som eit truga språk, er det illevarslande at viktige bruksområde kan gå tapt til engelsk. Dette krev målretta tiltak for å sikra norsk ein fullverdig funksjon på kort sikt. Slik styrkjer vi også språkets overlevingsevner på lang sikt.

7.1.3 Verdien av norsk språk

Norsk språk er den sterkeste samanbindande krafta i det norske samfunnet og representerer ein heilt fundamental verdi. Faren er at vi tek nasjonalspråket som noko sjølvsagt, at det blir usynleggjort, at svak norskspråkleg sjølvkjensle hindrar oss i å mobilisera indre kraft til å motstå presset utanfrå. Medvitet om verdien av norsk språk må difor styrkast.

7.1.4 Presset frå engelsk

Engelsk fungerer ikkje berre som ein ny latin for elitane; engelskpresset kjem også nedanfrå, frå mange av subkulturane i samfunnet. Engelsk har fått ein status- og prestisjeverdi som gjer at det kan gå automatikk i engelskbruk. Før var ein mest redd for engelske länord. Ei mellomform er kodeveksling, lengre innslag av engelske uttrykk i norsk, typisk for ungdomsspråk. Dette kan vera varsellamper, men det er domenetap, full overgang til engelsk innanfor eit språkleg bruks- eller funksjonsområde, som representerer den store faren for norsk språk i dag.

7.1.5 Konsekvensar av domenetap

Domenetap er ein svakare variant av språkdød. Å gje heilt avkall på morsmålet i viktige bruksfunksjonar kan gje reduserte prestasjoner, stengja for kommunikasjon over faggrenser, gjera engelsk til høgspråk og norsk til lågspråk, skapa sosiale språkklofter, føra til kulturell utarming av norsk og forsterka negative haldningar til vårt eige språk.

7.1.6 Haldningar til språk og språkskifte

Eit varsku i så måte kan det vera at ei spørjeundersøking i 2002 viste at kvar femte nordmann var positiv til tanken om engelsk som globalt morsmål.

7.1.7 Verdien av engelsk og andre framandspråk

Men engelsk skal ikkje stengjast ute; nordmenn må bli flinkare i engelsk. Eit felles internasjonalt språk fremjar kommunikasjon, samarbeid og toleranse over landegrensene. Vi treng også fleire andre framandspråk, ikkje minst i næringslivet. Framandspråkskompetanse er også kognitivt utviklande både på det faglege og det personlege planet.

7.1.8 Parallelspråksbruk

Forsvar mot domenetap er difor ikkje å arbeida for norsk som einerådande bruksspråk, men å utvikla ein paralleltspråkleg strategi. Det inneber likevel ein klar preferanse for norsk. Norsk skal brukast med mindre det er nødvendig eller formålstenleg å nytta engelsk. Det skal vera ein gjennomtenkt grunn for å fråvika utgangspunktet om norsk som det føretrekte bruksspråket. Men dette krev også paralleltspråksdugleik, at vi meistrar engelsk slik at vi kan delta på fullverdig måte i internasjonalt samkvem. Innanfor kultur- og mediesektoren vil paralleltspråksstrategien som regel innebera å sikra eit norskspråkleg tilbod som kan hevda seg i tevlinga med det framandspråklege.

7.2 Terminologi og fagspråk

7.2.1 Innleiing

Fagspråk er eksperstspråk bygd opp kring eit system av presist definerte omgrep med tilhøyrande eintydige og dekkjande språklege nemningar, kalla fagterminologi. Ei stadig utvikling innanfor jamt meir spesialiserte kunnskapsfelt gjer at det heile tida oppstår ny terminologi. Dette kan også vitalisera det allmennspråklege ordtilfanget.

7.2.2 Kunnskaps- og terminologiimport før og no

Men nesten all kunnskapsutvikling er internasjonal i sin natur, og i regelen blir difor nye fagtermar først utvikla på engelsk. Spreiing av engelskspråkleg terminologi skjer særleg gjennom vitskapleg basert kunnskapsproduksjon, dessutan ved internasjonalt standardiseringsarbeid. Av om lag 1000 internasjonale standardar som kvart år blir gjorde gjeldande i Noreg, blir mindre enn 5 prosent omsette til norsk.

7.2.3 Kvifor ein eigen norsk fagterminologi?

Fagterminologi på norsk krev eit særskilt nasjonalt terminologiarbeid. Mangel på norsk terminologi kan fort utløysa full bruk av engelsk.

Terminologi på norsk derimot fremjar presis fagleg forståing, gjer det lettare å popularisera spesialisert kunnskap og styrker dermed den demokratiske informasjonstilgangen. Terminologi på norsk kan også vera bedriftsøkonomisk lønnsamt. Utviklinga av norsk oljeterminologi i 1980-åra gav språkleg og kulturell sjølvkjensle og betre tryggleik.

Terminologiarbeid er ei nødvendig plattform for effektiv kunnskapsoverføring mellom norsk og andre språk.

7.2.4/6 Nasjonalt terminologiarbeid i Noreg m.m.

Norsk terminologi er dels utvikla gjennom ordinær fagleg aktivitet, dels gjennom meir idealistiske aktivitetar, dels ved større terminologiprosjekt baserte på språkteknologiske metodar.

Datamaskinell termbehandling byrja i 1960-åra. Terminologien er spreidd gjennom ordlister, termsamlingar og større terminologiordbøker, men i dag er Internett det mest aktuelle formidlingsmediet. Viktig terminologiarbeid skjer gjennom omsetjing av internasjonale standardar i regi av Standard Norge.

Arbeidet med norsk terminologi gjekk lenge jamt framover, men ligg i dag mykje på etterskot. Vi manglar ein sentral nasjonal terminologiinstans til å koordinera arbeidet etter at Rådet for teknisk terminologi (RTT) gjekk konkurs i 2001.

Norske termar blir nesten berre utvikla på bokmål. Den aktiviteten som går føre seg, er spreidd og ukoordinert, og nyutvikla terminologi blir i liten grad gjord tilgjengeleg eksternt. Det trengst nye grep for å koma i gang med eit offensivt terminologiarbeid.

Språkrådet har dei siste åra teke fleire initiativ for å få oversikt over situasjonen på terminologifeltet. Ei kartlegging utført av Standard Norge i 2004 viste eit stort behov for ny terminologiutvikling.

Eit funksjonelt norsk fagspråk for framtida krev at norsk terminologi blir utvikla raskt og effektivt i takt med fagleg, teknisk og økonomisk utvikling. Terminologien må formidlast til aktuelle brukarar gjennom digitale terminologidatabasar som er tilgjengelege over Internett. Norske termar må utviklast parallelt på bokmål og nynorsk.

7.2.7 Oppsummering

Departementet vil m.a.

- leggja funksjonen som nasjonalt samordningsorgan for utvikling og tilgjengeleggjering av terminologi til Språkrådet
- i samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet vurdera Standard Norges funksjon i nasjonalt terminologiarbeid
- ta initiativ til eit samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet for å vurdera auka kapasitet i arbeidet med å omsetja internasjonale standardar til norsk

7.3 Språkbruk innanfor høgare utdanning og forsking

7.3.1 Generelt

Ein meir offensiv internasjonaliseringspolitikk dei seinare åra gjer sitt til at valet mellom engelsk og norsk reiser særlege dilemma innanfor forsking og høgare utdanning. For å motverka domenetap innanfor denne sektoren vart det i *Norsk i hundre!* foreslått at institusjonane må utvikla eigne språkstrategiar med parallellspråksbruk som grunnprinsipp. Tilsvarande er foreslått i Den nordiske språkdeklarasjonen. I 2006/2007 kom eigne utvalsrapportar med slike strategiframlegg ved universiteta i Oslo og Bergen og i regi av Universitets- og høgskolestyret.

7.3.2 Omfanget av engelskbruk i ulike samanhengar

Alt i 1980 var 62 prosent av alle faglege og vitskaplege publikasjonar frå norske universitetsforskjarar på engelsk. I 2000 var dette auka til 71 prosent. Men det var då som seinare store skilnader mellom fagområda. I 2006 viste språkfordeliga av publiseringspoeng i det nye finansieringssystemet ein norskprosent på 2,4 innanfor naturvitenskap, mot 55,4 innanfor humaniora.

I 1996 var vel ein tredjedel av litteraturen på pensum-listene ved norske universitet og høgskular på engelsk. Ei undersøking frå 2001 viste at det framandspråklege pensumstoffet innanfor dei tradisjonelle universitets-utdanningane utgjorde vel 50 prosent.

Hovudkonklusjonen frå ei nordisk spørjeundersøking frå 2005/2006 var at det aller meste av undervisnings-tilbodet ved universitet og høgskular i Norden skjer på nasjonalspråket. Men mange institusjonar nyttar også engelsk som munnleg undervisningsspråk, og i større grad etter kvart som studentane kjem høgare opp i studiet.

7.3.3 Nærare om forskingsspråket

Behovet hos forskarane for å nå ut til og bli kritisk etterprøvd av eit verdsomspennande forskarsamfunn av spesialiserte fagfellar er bakgrunnen for at engelsk er så dominerande som vitskapleg publiseringsspråk. Innanfor visse kultur- og samfunnsfag kan likevel kontakt med nasjonale fagmiljø og den tankekrafta som ligg i morsmålet, vera vel så viktig. Det er hevda at poengsystemet i det nye finansieringssystemet favoriserer publisering på engelsk, men i prinsippet er systemet språknøytralt, og formålet er å fremja forskingskvaliteten.

7.3.4 Nærare om undervisningsspråket

Ønsket om å byggja opp eit fagtilbod på engelsk for å fremja internasjonalisering var grunngjevinga for at ein i 2002 oppheva føresegna i universitets- og høgskulelova om at undervisningsspråket til vanleg er norsk.

Men både i *Norsk i hundre!* og i dei sektorbaserte strategirapportane er det dokumentert at undervisninga og læringseffekten blir best når lærarar og studentar kan nyta eit felles morsmål. Dei fleste norske studentar skal dessutan utøva eit framtidig yrke overfor eit norsk-språkleg publikum.

Særleg viktig er det med begynnarundervisning på norsk. Elles bør undervisning på engelsk helst avgrensast til kurs med særleg mange gjestestudentar, eller der formålet er å utvikla kompetansen i engelsk fagspråk hos dei norske studentane.

7.3.5 Nærare om språket i læremiddel og faglitteratur

God læring, særleg på innføringsnivået, krev også tilgang på spesialisert norskspråkleg studielitteratur. Fastprisordninga for lærebøker til høgare utdanning er meint som eit verkemiddel for å stimulera norskspråkleg læremiddelproduksjon, men det er ulike vurderingar av om tiltaket er tilstrekkeleg målretta. Det blir også gjeve statstilskot til norske lærebøker på utvalde område. I mangel av andre alternative verkemiddel er fastprisordninga vidareført ut inneverande avtaleperiode i bokbransjen.

7.3.6 Vurderingar og framlegg frå ulike språkutval ofl.

Vurderinga i *Norsk i hundre!* er at marginalisering av norsk som hovedregel må godtakast innanfor primærpublisering av vitskapleg forsking, og at norsk fagspråk likevel vil kunna overleva dersom formidlinga og undervisninga i hovudsak skjer på norsk. Det ligg her føre ulike forslag om lovfesta ansvar for institusjonane, dessutan om organisering av særskilde språktenester ved institusjonane.

7.3.7 Oppsummering

Regjeringa vil

- lovfesta at universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk
- Det blir vidare lagt til grunn m.a. at
- norsk skal vera hovudspråket ved norske universitet og høgskular, med unntak av Samisk høgskole
 - universitet og høgskular utformar individuelt tilpassa språkstrategiar
 - universitet og høgskular vurderer behovet for å organisera særskilde språktenester
 - doktoravhandlingar på engelsk skal ha eit fyldig samandrag på norsk

- evalueringa av finansieringssystemet for universitet og høgskular skal omfatta ein analyse av kva språkpolitiske verknader systemet eventuelt kan påvisast å ha

7.4 Nærings- og arbeidslivet

7.4.1 Innleiing

Meir utanlandsk eigarskap og lettare tilgang til utanlandske marknader medverkar i dag til eit aukande engelskpress i næringslivet.

7.4.2 Konsernspråk

Enkelte større bedrifter innanfor det internasjonaliserte næringslivet har gjort vedtak om engelsk som konsernspråk. Den faktiske bruken av engelsk varierer, men aukar di høgare opp i hierarkiet ein kjem. Slike konsernspråkvedtak kan dessutan signalisera ein ambisjon om meir bruk av engelsk i tida framover.

7.4.3 Språk i stillingsannonsar

Ein gjennomgang av stillingsannonsane i Aftenposten ein månad i 2005 viste at 6 prosent hadde engelske stillingsnemningar, medan 4 prosent hadde fullstendig engelsk tekst.

7.4.4 Språk i marknadsføring og informasjon

Held norsk stillinga elles i samfunnet, vil ikkje bedriftene tena på å bruka engelsk i marknadsføring og informasjon overfor eit norskspråkleg publikum. Faresignalar er større i bedriftsintern informasjon.

7.4.5 Eit språk- og teknologibasert arbeidsliv

Spørsmålet er kva følgjer det får at arbeidstakarar overalt i næringslivet blir stadig meir avhengige av elektroniske kommunikasjons- og lagringsmedium med engelskspråkleg teknologi.

7.4.6 Spørsmålet om lovregulering av språk i arbeidslivet
Norsk i hundre! reiser spørsmålet om behovet for å lovregulera rett til norsk i produktinformasjon, hms-dokumentasjon, avtaleverk og liknande.

7.4.7/8 Oppsummering

Departementet vil m.a.

- invitera partane i arbeidslivet til å utvikla ein språk-politisk strategi for arbeids- og næringslivet
- i samråd med partane utvikla eit språkpolitisk samfunnsansvar i arbeids- og næringslivet
- vurdera forskingsaktivitetar som kan kasta lys over tilhøvet mellom språk og produktivitet
- ta initiativ til ei utgreiing eller eit forskningsprosjekt om teknologibasert språkbruk i arbeidslivet
- vurdera lov eller anna regelverk for å sikra til dømes norskspråkleg produktinformasjon, hms-dokumentasjon osv.

7.5 Språk og teknologi

7.5.1 Innleiing

Som eige språkdomene og som medium for informasjonsspreiing er informasjons- og kommunikasjons-teknologien ein sentral innfallsport for engelskspråkleg påverknad. Det er til dømes ei utfordring både å sikra norskspråkleg programvare og norsk kvalitetsinnhald på Internett.

7.5.2/4 Tidlegare ambisjonar og tiltak

Desse spørsmåla vart drøfta alt i ein statssekretær-rapport frå 1996 og konkretiserte i ein handlingsplan for it på kulturområdet i 1997. I ei stortingsmelding same hausten vart det slått til lyd for ein nasjonal innsats for bruk av norsk språk i informasjonssamfunnet. I 2000 fekk Språkrådet oppgåva som eit fagleg-administrativt knutepunkt for norsk språk og it.

Språkrådet la fram ein handlingsplan for norsk språk og ikt i 2001 og i 2002 ei utgreiing om samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknologiressursar, også omtalt som ein norsk språkbank. Utanom språkbanken har eit stort spørsmål vore korleis ein kan sikra at norsk programvare til bruk i det offentlege skal vera tilgjengeleg også på nynorsk.

7.5.6 Ein norsk språkbank

Utgangspunktet er språkteknoologi, ein forskingsdisiplin der språkvitskap og datavitskap møtest. Produkt og tenester med innebygde dataprogram som behandler menneskeleg språk, både tekst og tale, har alt i dag eit vidt bruksområde. Dei teknologiske løysingane er nøytrale, men dei språklege ingrediensane må skiftast ut dersom kvart språk skal få eigne versjonar. Utan norsk-språklege versjonar blir teknologien dels mindre tilgjengeleg, dels vil vi bruka dei engelskbaserte løysingane, med eit alvorleg domenetap for norsk språk som resultat.

Den kritiske innsatsfaktoren for utvikling av norskspråklege versjonar er tilgang til ei tilrettelagd samling av digitaliserte norske språkressursar i form av tekst, tale og orddata. Frå ein slik nasjonal språkbank skal både næringslivsaktørar og forskingsinteresser kunna henta ut det språkmaterialet dei treng for eit aktuelt prosjekt.

Investeringane i språkbanken vart i 2002 kostnadsrekna til 100 mill. kroner, men ein førebels oppdatert gjennomgang indikerer ca. 90 mill. Kultur- og kyrkjedepartementet vil avklara organiserings- og finansieringsspørsmålet i samarbeid med andre aktuelle departement.

7.5.7 Oppsummering

Departementet vil

- i samråd med Språkrådet etablera og byggja opp ein norsk språkbank
- gje Språkrådet i oppdrag å revidera og oppdatera handlingsplanen for norsk språk og ikt
- ta initiativ til eit permanent interdepartementalt utval for språk og teknologi
- i samråd med Fornyings- og administrasjonsdepartementet leggja til rette for tilgang til programvare i begge målformer
- utvikla nødvendige programmodular for parallellsøk mellom bokmål og nynorsk

7.6 Kultur- og medie sektoren

7.6.1 Innleiing

Eit breitt og differensiert kultur- og medietilbod på norsk er grunnleggjande for å sikra nasjonalspråket. Men dei utvissa grensene mellom det norske språksamfunnet og ei sterkt internasjonalisert medieverd gjev angloamerikansk kulturindustri ein påtrengjande innverknad. Utviklingstendensane er likevel ikkje eintydige.

7.6.2 Språkbruk i medie sektoren

Framleis er fjernsynet det mest brukte mediet, og mangfaldet av kommersielle utanlandske fjernsynskanalar har auka tilboden av underhaldningsprega engelskspråkleg programmateriale. Marknadsdelen for utanlandske kanalar i Noreg er likevel berre knapt 10 prosent.

Men angloamerikansk språk- og kulturimport skjer også gjennom dei norske kanalane. Likevel har både NRK og TV2 meir enn halvparten norskproduserte program, og mykje er norskspråkleg også i andre norske fjernsynskanalar. Samla tilbod av norskspråkleg fjernsyn har aldri vore større, men prosentvis har det vore nedgang. Sjåarvanar blir dermed avgjerande.

I nyhendeformidling, debatt- og magasinstoff vil norsk språk vanskeleg kunna vika plassen så lenge norsk dominerer som morsmål.

Eit språkpolitisk problem for seg er mangelen på andre framandspråk enn engelsk innanfor det samla fjernsynstilbodet.

7.6.3 Krav til allmennkringkastarane om bruk av norsk språk

Vedtekts- og konsesjonskrav om bruk av norsk språk både i fjernsyn og radio, med tilhøyrande kontroll frå Medietilsynet, garanterer det norskspråklege innhaldet innanfor dei riksdekkjande allmennkringkastarane.

Det kan nemnast at kravet til NRK om å spela minst 35 prosent norsk musikk no er endra til *norskSpråkleg* musikk.

7.6.4 Generelt om språk, litteratur og bibliotek

Språket er også eit estetisk og kunstnarleg uttrykk, og språkleg er kunsten både kontinuitetsberar og fornyande kraft. Dei litterære klassikarane og den nasjonale songskatten held fast kvalitetane i norsk språk. Ein differensiert og levande samtidslitteratur hevdar seg godt som *norskSpråkleg* motvekt i ein jamt skarpare konkurranse frå nye, internasjonale medieprodukt. Litteratur- og bibliotekpolitikk er eit fundament i språkpolitikken.

7.6.5 Språkpolitisk relevante verkemiddel i litteraturpolitikken

Innkjøps- og produksjonsstøtteordningane under Norsk kulturråd er grunnleggjande verkemiddel for å sikra eit breitt utval av kvalitetslitteratur på norsk.

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur inneber at folkebiblioteka får eit gratiseksemplar av kvar påmeld vaksenbok, medan barne- og ungdomsbøkene også går til skulebiblioteka. I tillegg finst selektive innkjøpsordningar, ei for omsett skjønnlitteratur som i 2008 omfatta 90 titlar, ei for ny norsk faglitteratur for barn

og unge med 25 titlar i 2008, og ei ordning for ny norsk sakprosa med 50 titlar.

Vidare har vi ei innkjøpsordning for fonogram, ei støtteordning for kulturtidsskrift, både oppstart- og produksjonsstøtte og ei selektiv innkjøpsordning, ei produksjonstøtteordning for nynorsk litteratur og ei støtteordning for norske kvalitetsteikneseriar.

Ordninga med nullsats for meirverdiavgift på bøker representerer elles ei omfattande indirekte støtte til bokbransjen. Den privatrettslege avtalen mellom aktørane i bokbransjen basert på ei unntaksordning etter konkurranselova har som uttrykt mål å styrkja norsk språk og skriftkultur. Det er viktig at partane sikrar at avtalen fungerer slik at bokhandlar over heile landet kan by fram eit breitt utval av bøker.

Bibliotekvederlagsordninga og stipend- og garantiinntekter til kunstnarar representerer viktig støtte til norske forfattarar og verkar dermed indirekte som språkpolitiske basisordninga.

7.6.6 Bibliotek som språkpolitisk verkemiddel

Som formidlar av språklege og litterære utrykksformer er biblioteka viktige verkemiddel i nasjonal språkpolitikk. Utanom utlån av *norskSpråkleg* litteratur driv folkebiblioteka ulike litterære formidlingsaktivitetar. Dei har også tilrettelagt litteratur, litteratur på samisk og viktige tilbod til framand- og minoritetsspråklege.

7.6.7 Særskilt om leselyst, lesestimulering og litteraturformidling

Innanfor både utdannings- og kultursektoren blir det arbeidt med å stimulera til leselyst og å utvikla lesekunnskapane.

Handlingsplanen *Gi rom for lesing* handla om å styrkja kompetansen hos lærarane i leseopplæring, litteraturformidling og bruk av skulebibliotek. Samanslutninga *Leser søker bok* arbeider for at det skal finnast tilrettelagde bøker slik at alle kan få tilgang til litteratur. *Foreningen !les* skal fremja leselyst særleg hos ungdom og unge vaksne. Andre særskilde aktørar er Norsk Forfattersentrum, Norsk barnebokinstitutt og Nynorsk kultursentrum.

Litteraturformidling står sentralt innanfor Den kulturelle skulesekken. Her må det spesielt leggjast vekt på å sikra eit tilbod på nynorsk.

Utfordringa generelt er å systematisera den kompetansen og dei røynslene som finst, slik at arbeidet med lesestimulering og litteraturformidling kan styrkast og samordnast.

7.6.8 Andre problemstillingar på kultur- og medieområdet
Pressestøtta og momsfriftaket for aviser er viktig for å verna om eit stort og differensiert norskspråkleg tekstmedium som eit fundament for norsk skriftkultur.

Norsk språk blir også styrkt gjennom aukande digitalisering av verdifullt språkmateriale i arkiv, bibliotek og museum, gjennom auka støtte til utvikling av moderne dataspel tufta på norsk språk og gjennom større produksjon av og publikumsoppslutning om norsk film.

7.6.9 Norsk språk i utlandet

Å fremja norsk språk og kultur i utlandet er også med på å gje språket vårt styrke og status. Ca. 140 høgare lærestader verda over har undervisningstilbod i norsk språk og norske emne.

Omsetjing av norsk litteratur og promotering av norske forfattarar i utlandet er eit anna viktig aktivitetsfelt. Her spelar institusjonen NORLA ei sentral rolle.

7.6.10 Oppsummering

Departementet vil m.a.

- vidareføra pressestøtta og momsfriftaket for aviser
- utvikla tiltak for norske dataspel
- styrkja norsk språk som eit basiselement i norsk filmpolitikk
- tilleggja språkpolitiske omsyn stor vekt ved utforming av rammevilkåra for norske allmennkringkastingskanalar
- vurdera korleis ein kan vareta språklege omsyn innanfor medieverda
- utforma ein meir kraftfull og systematisk strategi for å fremja lesing blant barn og unge
- byggja ut og supplera eksisterande innkjøpsordningar for litteratur som eit fundament i arbeidet for å sikra og fornya norsk språk
- leggja stor vekt på at biblioteka kan fremja formidling av eit allsidig norskspråkleg tilbod av skjønn- og faglitteratur i begge målformer
- vurdera korleis digital formidling kan bidra til å styrkja sansen for god litteratur og kvalitetane og verdiane i norsk språk
- i samarbeid med Utanriksdepartementet fremja norsk språk og norskspråklege uttrykksformer i utlandet

dabbel, munnsvært, nonsens, pjatt, rørt, skvæt, tøys, vrøvl, vås. 3. rykte(r), skumlerier
snakke -et; -ing 1 samtale; prate; tale: snakke en om noe • snakke om løst og fast, om vi vær • snakke en etter munnen se munn B i munnen på hverandre • vi snakkes ved sida av • så snakker vi ikke mer om det; han er dengang, for ikke å snakke om (s); nevne, til alle de gangene han ... * det snakknes (s); at --- brukte taleorganene; ytre seg (gi) har ikke hørt å snakke omni • snakkes ved

8 Språkdyrkning – eit korrekt og velfungerande språk

8.1 Språkdyrkning og språkpolitikk

Å dyrka og pleia sjølve språksystemet gjennom dokumentasjon, normering, rådgjeving m.m. er grunnleggjande for å styrkja språkets posisjon og status. Språkfaglege aktivitetar i offentleg og privat regi må difor sikrast nødvendige rammevilkår.

8.2 Språkutvikling og nye språklege kommunikasjonsformer

Både språksystemet og samfunnet inneholder dels faktorar som stabiliserer dels faktorar som endrar språket. Språkendringar skjer oftast som generasjonssprang.

Framveksten av eigne ungdomsmiljø i vår tid har skapt nye språklege identitetsband. Større mobilitet og nye kontaktflater har ført til ei taletmålsutvikling prega av regional og sosial utjamning. Eit markant drag er elles utviklinga av ein meir uformell og direkte språktone.

I nye kommunikasjonsformer som tekstmeldingar, e-post og pratesider er også skriftspråket prega av ein uformell og munneleg stil som ofte bryt med skriftspråk-

lege speleregler. Men mykje datateknologi stiller også presise krav til språkmeistring og gjer at fleire skriv meir enn før. Internett gjer at mange får lettare tilgang til ein stor og variert skriftkultur. Men nettredaktørar må kjenna ansvar for språkleg kvalitet.

8.3 Språkleg dokumentasjon

8.3.1 Generelt

Dokumentasjon av den språklege tradisjonen og samtidsspråket i levande bruk har både språkpolitisk og kulturhistorisk verdi.

8.3.2 Språksamlinger

Verdifulle forskings- og dokumentasjonsressursar i form av gamle, papirbaserte språksamlinger har i dag usikre fysiske og driftsmessige rammevilkår m.a. innanfor universitetssystemet. Samlingane er ikkje alltid tilgjengelege, og vidare innsamlingsarbeid er innstilt. Noko er tidlegare digitalisert, men det trengst ei meir systematisk vidareføring av digitaliseringarbeidet.

8.3.3 Innsamling av stadnamn

Eit materiale med spesiell språkvitskapleg og kultur-

historisk dokumentasjonsverdi er gamle stadnamn. Eksisterande stadnamnsamlingar av varierande kvalitet er resultat av eit mangslunge innsamlings- og registreringsarbeid frå 1920-åra og framover. Men i delar av landet er lite samla inn, og etter 1990 har det vore vanskeleg å finansiera nemnande innsamlingsarbeid. Mange stadnamn går no i gløyme boka etter kvart som dei siste tradisjonsberarane fell ifrå. Utan ei snarleg løsing risikerer vi eit uerstatteleg kulturtap.

8.3.4 Ordbøker og andre leksikalske oppslagsverk

Ordbøker og leksikalske oppslagsverk er viktig skriftkulturell infrastruktur.

Internett har endra marknadsvilkåra for leksikonverk. Difor krev tilgang til kvalitetssikra kunnskap og norsk formidlingsspråk i dag eit nasjonalleksikon i digital grunnform.

Som ordbokland er ikkje Noreg av dei mest avanserte, men vi har også ein særleg innfløkt språksituasjon å dokumentera.

Utanom eksisterande skuleordbøker trengst det fleire større ordbøker mellom norsk og ulike framandspråk, m.a. for å dokumentera norsk språk i internasjonal kontekst.

Det trengst også fleire norskspråklege spesialordbøker. Viktigast er likevel allmennordbøkene, frå rettskrivingsordlister til skulebruk via eittbands definisjonsordbøker til bandsterke, vitskaplege dokumentasjonsordbøker.

Dokumentasjonsordbøker er grunnleggjande kjelde- og referanseverk som det tradisjonelt har teke fleire generasjoner å fullføra. I dag kan dei redigerast og gjerast tilgjengelege i elektronisk form.

8.3.5 Spesielt om Norsk Ordbok

Elektronisk redigering, stram prosjektorganisering og sterkt opptrapping av det statlege tilskotet gjer at ordbokprosjektet *Norsk Ordbok*, påbyrja sist i 1920-åra, no kan fullførast i 2014. Verket gjev ei uttømmande framstilling av ordtilfanget i nynorsk skriftspråk og norske dialektar, og kombinasjonen av skriftspråk og talemål gjer dette verket unikt i europeisk samanheng.

8.3.6 Nærare om dokumentasjonen av bokmål

Det einaste komplette norske, vitskaplege ordbokverket i dag er *Norsk Riksmålsordbok*. I regi av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur blir det arbeidt med ei revidert, oppdatert og utvida utgåve. Ved Universitetet i Oslo er det bygd opp eit tekstkorus med sikte på eit anna dokumentasjonsprosjekt, spesielt innretta mot moderne bokmål.

Prosjekta har ulikt tyngdepunkt, men også grenseflater. Prinsipielt vil ikkje departementet favorisera det eine framfor det andre, men framdriftsstatus og tidlegare tilsegner gjer at den økonomiske medverknaden må konsentrerast om det førstnemnde.

8.4 Språknormering

8.4.1 Grunnlaget for språknormeringa

Språknormering inneber at ein autoritativ instans fastset kva som skal gjelda som korrekt språk. Kjerneområdet for slik normeringsverksemld er rettskrivinga.

Normeringsinstansar kan vera frittståande akademi, som Svenska Akademien i Sverige, private ordbokkonsern, som i Tyskland, eller offentlege språknemnder, som i Danmark, der rettskrivinga også er lovforankra.

Norsk rettskriving er ikkje lovfesta, men eit klart offentleg ansvar. Utanom større rettskrivingsreformer forankra i Storting og regjering kom etter kvart eit meir løpende normeringsarbeid. Inntil omdanninga i 2005

hadde Språkrådet nærmere definerte oppgåver og fullmakter i normeringsspørsmål.

8.4.2 Norsk normeringspolitikk 1997–2005

Dei seinare åra har målet vore å stabilisera rettskrivinga, men føresetnaden var at det først måtte skje ei viss opprydding.

Utgangspunktet var den vide valfridommen, delvis resultat av tidlegare tilnærningspolitikk mellom bokmål og nynorsk. I 2002 oppheva Stortinget lovforesega om å stimulera slik tilnærming.

I 2005 godkjende departementet framlegg til opprydding i bokmålsrettskrivinga. Skiljet mellom hovudformer og sideformer vart oppheva, lite brukte former, ofte tilnærningsformer, gjekk ut, og enkelte tradisjonelle riksmålsformer kom inn. Dette bør gje grunnlag for framtidig stabilitet i bokmålsrettskrivinga.

I nynorsk ville ikkje Språkrådet fjerna skiljet mellom hovudformer og sideformer, men avskreiv likevel ikkje problemstillinga. Stabilitetsomsynet gjorde difor at departementet ikkje godkjende andre endringar i nynorskrettskrivinga som Språkrådet hadde vedteke.

8.4.3 Grunnlaget for eit framtidig normeringsregime

Stabilitet føreset færre og sjeldnare endringar, men framleis trengst løpende normering av nyord og anna normvedlikehald. Under omdanninga uttalte mange høyringsinstansar at Språkrådet framleis burde arbeida med normeringsspørsmål.

Språkrådet skisserte i 2006 prioriterte normeringsbehov, utan då å foresla konkrete normeringsfullmakter. Men vedtekene opnar for å tilleggja Språkrådet slike fullmakter. Oppnemninga av eit fagråd for normering og språkobservasjon i 2007 legg no til rette for dette.

8.4.4 Rettsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag for rettskrivinga

Offisiell rettskriving er formelt forpliktande i skulen og i statstenesta.

Som nemnt har nynorsk framleis eit skilje mellom hovudformer og sideformer, og i lærebøker er valfridommen avgrensa til hovudformene, den såkalla læreboknormalen. Dette er no direkte fastsett i opplæringslova.

Læreboknormalen gjeld også i statstenesta. Dette er instruksfesta ved kongeleg resolusjon i 1981.

Innanfor opplæringsmålet i skulen kan det veljast mellom alle offisielle former, også sideformene. Plikta til å følgja offisiell rettskriving i grunnskulen følgjer indirekte av opplæringslova og har elles sedvanerettsleg grunnlag.

Etter opplæringslova skal ordlister til skulebruk godkjennast av Språkrådet. Det kan her vera aktuelt å justera ordlyden for å fanga opp også elektroniske ordlister og ordbøker.

Høvelege definisjonsordbøker til skulebruk for å stimulera ordkunnskapen hos elevane er noko vi manglar her i landet, men det er teke initiativ for å utvikla slike.

Dei allmenne definisjonsordbøkene, *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, er utarbeidde under medverknad av Språkrådet og fungerer også som offisielle rettskrivingsordbøker. Språkrådet har også gjennomgått *Tanums store rettskrivningsordbok*, som er den mest omfattande rettskrivningsordboka for bokmål.

Det finst også ei stor ordbok for riksmål og moderat bokmål.

Bokmålsordboka og Nynorskordboka er kopla til ein elektronisk ordbank ved Universitetet i Oslo og er gratis tilgjengelege som søkjeteneste på Internett.

8.4.5 Fastsetjing og normering av namn

Namn er spesielt iaugefallande språkbruk og kan difor vera ein spegel for språkets status i eit samfunn. Men det er krevjande å halda namnekulturen i språkleg hevd når identitets- og profilingsomsyn ofte fangar større merksemd enn språkleg kvalitet og funksjonalitet.

Særleg i private firmanamn ser ein mykje avvikande språkbruk, også mykje engelsk ordstoff.

Namn på statlege institusjonar er bundne av offisielle rettskrivings- og skriveregler, men desse gjev ikkje alltid fullnøyande rettleiing om sjølvé nammekonstruksjonen. Difor har no Kultur- og kyrkjedepartementet fastsett rutinar som skal sikra språkfagleg medverknad frå Språkrådet ved namnelaging i staten.

8.5 Språkrøkt

8.5.1 Generelt

Godt språk er meir enn korrekt rettskriving.

Skriftspråket gjev meir tid til gjennomtenkt språkleg utforming enn talespråket, men også talekunst og retorikk bør oppmuntrast. NRK må vidareføra sin tradisjon som talespråkleg normsetjar.

Dårlig språk kan sjåast som språkleg forfall, men også som ein funksjon av at fleire skriv meir enn før. Ein stikkprøvekontroll av avisspråket gjev likevel grunn til uro.

8.5.2 Språkleg kvalitet i lærebøker

Som autoritativ kunnskapskjelde for barn og unge er lærebøker strategisk viktige i språkleg kvalitets- og haldningsarbeid. Fram til 2000 dreiv Språkrådet, som ledd i ei statleg godkjenningssordning, omfattande

språkleg førehandsgransking av lærebøker. I dag er det indikasjonar på at den språklege kvaliteten ikkje er god nok, men vi manglar systematisk kunnskap. Språkrådet har difor teke initiativ til ein språkleg gjennomgang av eit utval lærebøker.

8.5.3 Språket i film- og fjernsynsteksting

Analysar indikerer at undertekstar på fjernsyn er det folk les mest, nest etter aviser. Tekstane er ofta omsette til norsk av tekstarar som arbeider for frittståande tekstebyrå, som på grunn av konkurransen i fjernsynsmarknaden stadig blir pressa på tid og pris. Den språklege kvaliteten blir dermed skadelidande. Det trengst meir dokumentert kunnskap om kvaliteten på fjernsynstekstinga, og om korleis dette språket påverkar lese- og skrivepraksis, særleg hos barn og unge.

8.6 Det offentlege språket

8.6.1 Offentleg språk som føredøme

Vørndnaden for morsmålet vårt krev at det offentlege Noreg kjenner særleg ansvar for å bruka eit korrekt og forståeleg språk.

8.6.2 Analyse av forvaltingsspråket før og no

Forvaltingsspråket har fjerna seg langt frå kansellistilen, men framleis finst mykje språkleg ukrut. Tradisjon og manglande omtanke forklrarar noko, men enkel framstilling av komplekse saksforhold er også krevjande, og offentleg tilsette må ofte gardera seg i språket. Overforenkling er også ein fare. Tåkete uttrykksmåtar i offentleg informasjon er likevel eit alvorleg velferds- og demokratiproblem.

8.6.3 Klarspråk

Mange land strevar med offentleg språktåke, jf. den engelske parolen "fight the fog". Målet er *klarspråk*, ei nemning henta frå Sverige, der *klarspråksarbeid* har ein særleg tradisjon. Mange skippertak er tekne også i Noreg, frå arbeidet med nynorsk lovspråk i mellomkrigs-

tida, offentleg rasjonaliseringsarbeid og informasjonspolitikk i 1950- og 60-åra, utviklings- og opplæringsprosjektet i forvaltningsspråk i 1970-åra, *Aksjon publikum* i 1980-åra og prosjektet *Eit enklare Noreg* i 1990-åra. No må arbeidet koma inn i fastare organiserte former.

8.6.4 Språktenesta for statsorgan

Språktenesta vart lansert i 2006, er ein del av sekretariatet i Språkrådet og har fem stillingar. Ho er primært etablert som støtte for nynorskarbeidet i staten, men skal også fremja godt forvaltningsspråk uavhengig av målform.

I byrjinga hadde språktenesta flest bokmålsoppdrag, men erfarte likevel at forbetringspotensialet er klart størst på nynorskssida. Arbeidet med nynorskttekstar kan vera eit verktøy for meir klarspråk også på bokmål.

8.6.5 Oppsummerande vurdering

Målet er både korrekt språk og god språkføring. Det øvste statsapparatet må setja standard og vera førebilete, men språket i dei store publikumsretta etatane er også særleg viktig.

Språklege standardkrav må innarbeidast i relevante styringsdokument i staten, og det må utviklast rutinar og metodar for språkleg internkontroll.

Språktenesta har etablert eit opplegg for fagleg sertifisering av eksterne språkkonsulentar, og det bør også byggjast opp eit nettverk av interne språkkontaktar. Språket i lover og forskrifter må få særskild merksemd.

8.7 Oppsummering

Departementet vil m.a.

- i samråd med Språkrådet vurdera tiltak for betre språkleg kvalitet i nettsteder og andre nye publikasjonsformer
- drøfta forvaltning av etablerte språksamlingar og vidare digitalisering behov med involverte aktørar
- ta initiativ til eit prosjekt for registrering og kvalitets-sikring av eksisterande stadnamnsamlingar og gjennomgå den vidare innsamlingspolitikken for stadnamn
- bidra til at prosjektet Norsk Ordbok 2014 kan fullførast etter planen
- oppmoda til avklaring av faglege grenseflater og mogleg samarbeid mellom dei to leksikalske dokumentasjonsprosjekta på bokmålssida og leggja til rette for at Det Norske Akademis store ordbok kan fullførast på ein fagleg forsvarleg måte i 2014
- i samråd med Språkrådet etablera eit nytt behandlings- og vedtakssystem for nødvendig normvedlikehald og nynormering
- i samråd med Språkrådet følgja opp dei språkfaglege konsultasjonsrutinane ved namnelaging i staten
- i samråd med Kunnskapsdepartementet i nødvendig grad følgja opp resultatet av den pågående kvalitets-gjennomgangen av språket i lærebøker
- vurdera korleis ein kan sikra språkleg kvalitet i film- og fjernsynsteksting
- etablera ein standard for språkleg kvalitet i staten, eit system for språkleg internkontroll, eit nettverk av interne språkkontaktar og eksterne språkkonsulentar, dessutan eit system for språkleg kvalitet i lover og forskrifter

S
P
R
Å
K
K
A
p
a
l
e
o
g
o
m
c
k
S
MÅL OG MEINING – EIN HEILSKAPLEG NORSK SPRÅKPOLITIKK

VATL
NYNORSK! |

9 Nynorsk – status og korpus

9.1 Nynorskens status og bruk

9.1.1 Grunnleggjande perspektiv

Nynorsk er formelt likestilt, men reelt er nynorskbrukarar diskriminerte. Diskrimineringa er primært strukturell. Stilt overfor presset frå engelsk har likevel nynorsk og bokmål ein lagnadsfellesskap. Nynorsk språkstyrking er difor norsk språkstyrking.

Nynorsk er både eit sjølvstendig skriftspråk og ein integrert del av norsk skriftkultur. Dette gjev norsk språk ein dobbel verdi. Staten må sikra det minst brukte språket meir likeverdige konkurransevilkår. Slik positiv særbehandling er også forankra i kulturmeldinga frå 2003.

Norsk allmenndanning føreset kompetanse i begge målformer. Sidemålsopplæringa i skulen og dei statlege målbruksreglane er grunnleggjande språkpolitiske verkemiddel. Indirekte er dei også med på å halda oppe talet på nynorske primærspråksbrukarar.

9.1.2 Nynorsk for minoritetsspråklege

Også minoritetsspråklege elevar må få læra nynorsk. Minoritetsbakgrunn er ikkje diskvalifiserande i så måte.

Men mange har vore fritekne for sidemålsopplæring. Desse må ikkje automatisk stengjast ute frå statlege stillinger. Statsorgan bør difor ha kompetanseplanar som sikrar fullgod nynorskkompetanse utan nødvendigvis å stilla kompetansekrav til kvar einaste medarbeidar. Alle må likevel ha rett til å kvalifisera seg i nynorsk.

9.1.3 Oppslutninga om nynorsk

Utan språkpolitiske stimuleringsstiltak vil samfunnsutviklinga tendera til å redusera talet på nynorskbrukarar.

Frå 34 prosent i 1944 er nynorskprosenten i skulen redusert til 14 prosent i dag. Mange elevar med nynorsk opplæringsmål skiftar heilt eller delvis til bokmål seinare i livet. Privat skriv 8 prosent nynorsk, 5 prosent både nynorsk og bokmål.

Nynorsk står klart sterkest på Vestlandet, men i mindre grad i byar og bynære strøk.

Jamvel om nynorsk som kvardagsspråk har vorte sterkare regionalisert dei siste tiåra, har den nynorske skriftkulturen samstundes vunne sterkare institusjonelt rotfeste på nasjonalt plan.

9.1.4 Nynorsken si stilling innanfor utvalde språkdomene

I privat næringsliv utanfor det nynorske kjerneområdet kan nynorskbrukarar normalt ikkje nyttja nynorsk i arbeidet. Nynorskjournalistar får normalt ikkje nyttja nynorsk i dei riksdekkjande avisene.

Allmennkringkastingsrapportane frå Medietilsynet viser at NRK ikkje fullt ut oppfyller kravet om minst 25 prosent nynorsk i sendingane.

9.2 Nynorske korpusspørsmål

9.2.1 Nynorsknorma

Hausten 2007 vedtok styret i Språkrådet å ta opp att arbeidet med nynorskrettskrivinga. Målet skulle vera ei tydeleg, enkel og stram norm, utan sideformer.

Spørsmålet om å fjerna sideformsystemet også i nynorsk var reist i 2000. Det vart utgreidd av Språkrådet, men ikkje vedteke, etter manglende oppslutning i ei høyring hausten 2002. Som nemnt ovanfor vart spørsmålet likevel ikkje avskrive.

Statuskiljet mellom hovudformer og sideformer representerer eit kompromiss mellom stor og liten valfridom. Vid valfridom gjer at skriftmålet kan leggjast nær opp til eige talemål, tradisjonelt eit viktig omsyn i nynorsk-normeringa. Motsett kan eit fast visuelt skriftbilete gjera norma lettare å læra, kanskje strategisk viktig for den allmenne bruken av nynorsk.

Vedtaket om ny gjennomgang av nynorskrettskrivinga har vekt debatt, og det er ikkje lett å ha ei skråsikker oppfatning. Etter ei samla vurdering har departementet likevel kome til at det ikkje vil vera rett å gå imot at arbeidet blir sett i gang.

9.2.2 Ordtifangen i nynorsk

Nynorsk skrifttradisjon er restriktiv til danske og lågtyske länord. Men slike ord finst i dialektane. I 1999 vedtok Språkrådet klarare retningslinjer for godkjenning av ord som kunne takast med i nynorske ordlister. Året etter vart nærmere 300 länord godkjende, noko som skapte mange motreaksjonar.

Andre ønskjer meir bruk av ord og uttrykk frå bokmål og opplever nynorsken som mindre funksjonell. Men det er vanleg at det dominante språket kjennest meir moderne og naturleg.

Nynorsk har eit så rikt og variert uttrykksregister, med både moderne og tradisjonelt ordtifang, at det nok ikkje er språket, men formuleringsevna til språkbrukarane det kjem an på. Det er ordleggingsmåten meir enn ordtifangen som er avgjerande. Nynorsk ordlegging og seiemåte må difor vera det grunnleggjande i all nynorskopplæring.

9.3 Politikk for nynorsk

9.3.1 Det politiske grunnlaget

Eit klart uttrykt politisk grunnlag for aktiv støtte til nynorsk språk og kultur finst i stortingsbehandlinga av kulturmeldinga frå 2003, Kulturløftet frå 2004 og Soria Moria-erklæringa frå 2005.

9.3.2 Tiltaksområde


I den offentlege språkpolitikken må det byggjast inn eit prinsipp om at nynorsk i utgangspunktet høyrer med der norsk språk blir tematisert eller brukt. Det betyr at det for alle offentlege tiltak og all politikkutforming med eit språkleg aspekt skal vurderast eksplisitt korleis dette kan utformast slik at ein også tek omsyn til dei behov som nynorskbrukarane har.

Det må skapast eit meir positivt omdømme for nynorsk språk og kultur, og det må leggjast til rette for meir nynorsk i kultur- og medieverda generelt og på Internett spesielt.

9.4 Oppsummering

Departementet vil

- at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når norsk språk blir tematisert
- fremja dei positive verdiane ved den språkdelte norske kulturen og synleggjera nynorsk språk og kultur
- profilera nynorsk språk blant barn og unge, ikkje minst innanfor Den kulturelle skulesekken
- gje nynorskinstitusjonane gode rammevilkår
- oppretta Vingefondet, med hovudformål å styrkja nynorsk journalistikk
- sikra produksjon og publisering av nynorsk kvalitets-innhald på Internett
- at riksdekkjande aviser også nyttar nynorsk på redaksjonell plass
- intensivera innsatsen for meir nynorsk i staten
- at statsorgan skal ha ein språkleg kompetanseplan
- bidra til tiltaksplanen for nynorsk i opplæringa
- gje Språkrådet klarsignal til å setja i gang revisjon av nynorskrettskrivinga
- vurdera framtidig behandling av spørsmål som gjeld ordtilfanget i nynorsk
- kartleggja nynorskbruken i kommunesektoren



10 Det mangespråklege Noreg

10.1 Innleiing

10.1.1 Nemningsbruk

Kapitteloverskrifta viser til at det i Noreg blir nytta mange andre språk enn norsk. Meldinga innfører uttrykket *mangespråkleg* om samfunnet. *Fleirspråkleg* blir nytta om individet. Særleg dei mange nyare innvandrarspråka gjev innhald til omgrepene om det mange-språklege, men framstillinga vidare gjeld berre språk med tradisjonelt fotfeste i landet.

10.1.2 Urfolksspråk og språka til nasjonale minoritetar
Urfolksspråk og minoritetsspråk er mykje meir utsette språk enn dei statsberande nasjonalsspråka. Å verna og styrkja desse språka er difor ein viktig del av eit overordna språkpolitisk ansvar. Det gjeld å sikra både språkmangfaldet i verda og den språklege kulturarven i vårt eige land.

10.1.3 Politisk-administrative ansvarstilhøve

Overordna ansvar for urfolks- og minoritetsspråk inngår i det språkpolitiske ansvaret til Kultur- og kyrkje-departementet.

10.2 Samisk

10.2.1 Situasjonen for samisk språk

Å sikra samisk språk i Noreg er særleg utfordrande for lulesamisk og sør-samisk. Men også nordsamisk blir internasjonalt rekna for eit truga språk.

I samiske samfunn vekslar samisktalande mellom samisk og norsk avhengig av behov og situasjon. Særleg utanfor forvaltningsområdet er det mange med samisk bakgrunn som ikkje meistrar samisk. Jamvel der samisk er kvardagsspråk, kan ikkje alle lesa og skriva språket.

10.2.2 Oppfølging av relevant lov- og regelverk

Krav til samisk i allmennkringkastingskanalane er språk-politisk viktige verkemiddel.

Ei evaluering viser at manglande kompetanse i samisk gjer at språkreglane i samelova ikkje fullt ut blir etterlevde, dessutan at språkreglane bør tilpassast betre til internasjonale konvensjonsplikter.

Gjennomførte endringar i stadnamnlovgjevinga skal styrkja bruken av samiske namn både innanfor og til dels utanfor forvaltningsområdet.

10.2.3 Samisk språk og ikt

Utvikling av samisk føreset at samiskspråklege får full tilgang til ny teknologi. Viktig er utvikling av ikt-løysingar som støttar dei spesielle samiske teikna, slik at samisk i alle samanhengar kan skrivast korrekt.

Arbeidet med samisk stavekontroll er særleg relevant for samar som ikkje fekk skriveopplæring på skulen. Utvikling av samisk talesyntese kan vera eit viktig tilleggsverktøy til ordinære korrekturprogram.

10.2.4 Samisk terminologiutvikling

Termutvikling, m.a. kartlegging og koordinering av samiske termar for å unngå ordforvirring, er strategisk viktig for samisk språkstyrking. Nye termar blir no formidla gjennom ein elektronisk ordbase. Eit eige prosjekt arbeider med samisk juridisk terminologi.

10.2.5 Sametinget sitt arbeid for samisk språk

Sametinget forvaltar størstedelen av dei statlege løyvingane til samisk språk. Språkarbeid står også sentralt i samarbeidsavtalar med fylkeskommunane. Mesteparten av språkmidlane går til å tryggja eit tospråkleg tenestetilbod innanfor forvaltningsområdet, det viktigaste verkemidlet for å oppfylla språkreglane i samelova.

Sametinget gjev m.a. tilskot til ni samiske språksenter. Viktig er også ei tilskotsordning for samiskspråklege publikasjonar.

Samisk språknemnd er eit vedtaksorgan i samiske språk-spørsmål på tvers av landegrensene.

10.2.6 Oppfølging av Noregs tredje rapport til Europarådet

Europarådet peiker særleg på at Noreg må styrkja innsatsen for utvikling av lærermateriell og kvalifisering av lærarar i lule- og sør-samisk.

10.2.7 Oppsummerande vurdering

Jamvel om samisk dei siste tiåra i mangt har vunne ein sterkare posisjon, er det uklart om utviklinga er berekraftig over tid. Regjeringa vil difor leggja grunnlaget for ein ny samisk språkpolitikk med eit strategisk og heilskapleg perspektiv på samisk språk og samfunn.

10.3 Kvensk

10.3.1 Situasjon og status for kvensk språk i dag

Tidlegare assimilasjonspolitikk har gjort kvensk svært utsett, men no skjer ei språkpolitisk oppvakning. Det er teikn til språkleg revitalisering både på individplanet og på samfunnsplanet.

Skal strevet lykkast, krevst det aktiv språkplanlegging. Kvensk har vunne ein viss status; no står såkalla korpusplanlegging for tur. Eit grunnlag var godkjenninga av kvensk som eige språk i 2005. Utfordringa framover er å standardisera kvensk og dermed leggja fundamentet for eit levande kvensk skriftspråk.

10.3.2 Grunnleggjande tiltak for styrking av kvensk

Kvensk institutt i Børselv er etablert som nasjonalt senter og har oppnemnt fem medlemmer til eit kvensk språkråd. Dette skal leia standardiseringsarbeidet.

Viktige tiltak elles er tospråkleg stimulering i barnehagen av barn med kvensk bakgrunn og aktiv minoritetsspråkleg oppfølging i vanleg skule, dessutan eit alfabetiseringsprogram for vaksne og eit fast studie-tilbod i kvensk på universitetsnivå.

Etablerte støtteordningar på kulturområdet må ta omsyn til kvenskspråklege kulturytringar. Det må skapast eit fast offentleg forum for kvensk språk og kultur. Vidare støtte til den kvenskspråklege avisar må difor prioriterast.

Eigne stadnamn er ein viktig kulturell markør for den kvenske minoritetsbefolkninga, og arbeidet med inn-samling av kvenske stadnamn må intensiverast.

Fleire kommunar i nord er trespråklege, med både kvensk/finsk, samisk og norsk kulturbakgrunn represen-tert. Dette mangfaldet må synleggjerast.

10.3.3 Merknader til oppfølging av minoritetsspråkpakta
Den oppsummerande tilrådinga frå ministerkomiteen i Europarådet i 2007 gjekk ut på at Noreg i samarbeid med dei kvenskspråklege må utforma ein meir systematisk politikk for å verna og styrkja kvensk språk.

10.3.4 Oppsummerande vurdering
Ei slik systematisk styrking av kvensk språk må inngå som ein integrert del av den nye heilsakplege språk-politikken. Målet bør vera at kvensk etter kvart kan sikrast vern på det høgaste nivået i minoritetsspråkpakta.

10.4 Romani og romanes

10.4.1 Bakgrunn og noverande situasjon
Språka har felles indisk opphav og mykje felles ordtil-fang, men ulikt grammatisk system. Romfolket snakkar ofte romanies betre enn norsk, medan romanifolket bruker norsk som daglegspråk.

Romani har likevel overlevd, delvis som hemmeleg, internt gruppesspråk. Eldre har særleg mykje språkkunnskap, og det er no stor interesse for å revitalisera språket. Taternes landsforening arbeider med å gjera lydband-opptak med eldre tatarar, og Landsorganisasjonen for romanifolket utviklar m.a. språkopplæringsmateriell, for at yngre skal læra seg språket.

For begge språka er standardisering og skriftfesting ei utfordring.

10.4.2 Merknader om oppfølging av minoritetsspråkpakta
Ministerkomiteen i Europarådet oppmodar Noreg til intensivert innsats for å verna og fremja romani og romanes.

10.4.3 Oppsummerende vurdering
Det vil bli arbeidt vidare med å utforma tiltak for vern og utvikling av romani og romanes.

10.5 Norsk teiknspråk

10.5.1 Språkbrukarar i ei særstilling
Teiknspråk er utvikla for å overvinna ei nedsett funk-sjonsevne. Teiknspråk integrerer døve og tunghørde i samfunnet. Men teiknspråk er samstundes fullverdige språk, og norsk teiknspråk må også sjåast i språkpolitisk perspektiv. Det er identitets- og kulturuttrykk for ein språkleg minoritet i landet.

10.5.2 Tilhøvet mellom teiknspråk og talespråk
Dei fleste døve er barn av høyrande foreldre. Tradisjonelt lærer dei teiknspråk som førstespråk. Seinare blir dei tospråklege gjennom å lesa og skrive verbalspråket.

I dag kan døve barn få tilgang til talespråk gjennom koklea-implantat, men effekten av slik kunstig høyrsel varierer. Dei fleste vil framleis ha behov for teiknspråk. I samfunnet blir teiknspråket uansett ikkje overflødig.

10.5.3 Offisiell status for teiknspråk
Det har lenge vore arbeidt for å gje norsk teiknspråk høgare status. Ei utgreiling frå 2004 konkluderte med å tilrå ei eiga lov om norsk teiknspråk som offisielt språk, men kva dette i praksis skulle innebera, har vore uklart.

Departementet går i staden inn for at norsk teiknspråk blir omfatta av den generelle språklova som er skissert i kap. 3. Dette inneber at omsynet til norsk teiknspråk og

norske teiknspråkbrukarar heretter blir ein integrert del av ein samla norsk språkpolitikk.

Det må også arbeidast internasjonalt for å gje teiknspråk ei sterkare folkerettsleg stilling. Ei svensk teiknspråkutgreiing har konkludert med at teiknspråk bør få ei stilling som ikkje er identisk med, men som tilsvarer det som gjeld språka til nasjonale minoritetar.

10.5.4 Anna arbeid for norsk teiknspråk

Utanom den overordna språkpolitiske forankringa må det arbeidast vidare med praktisk tilrettelegging for teiknspråkbrukarar på ulike samfunnsmiljø. Her inngår også spørsmålet om utvida formelle rettar gjennom særlovsgjevinga. Tilgang på teiknspråktolkar er som oftast den kritiske faktoren.

10.6 Oppsummering

Kultur- og kyrkjedepartementet har overordna språkpolitisk ansvar også overfor samisk, språka til nasjonale minoritetar, norsk teiknspråk og andre minoritets-språklege grupper.

Regjeringa vil m.a.

- utvikla ein handlingsplan for samisk språk
- følgja opp evaluering av språkreglane i samelova
- verna og styrkja kvensk språk
- vurdera å invitera til ein konferanse om revitalisering av kvensk
- drøfta vidareutvikling og styrking av den kvenske avis Ruijan Kaiku
- intensivera arbeidet med innsamling av samiske og kvenske stednamn
- leggja vekt på behovet for å standardisera kvensk språk
- vurdera kva som kan gjerast for å tryggja minoritets-språka roman og romanes
- forankra det overordna offentlege ansvaret for norsk teiknspråk i ei generell språklov
- vurdera å oppretta ei stilling som teiknspråkkonsulent i sekretariatet i Språkrådet.
- arbeida for å gje teiknspråk ei sterkare stilling internasjonalt
- vurdera praktisk tilrettelegging for bruk av teiknspråk på ulike samfunnsmiljø
- gje Språkrådet i oppdrag å byggja opp ei oversikt over nordiske eller europeiske fagmiljø som kan gje nordmenn med minoritetsspråkleg bakgrunn informasjon om språket deira
- vurdera kva konkrete oppgåver Språkrådet kan vareta for dei nyare innvandrarspråka



MÅL OG MEINING –
EIN HEILSKAPLEG NORSK SPRÅKPOLITIKK

11 Nordisk språkfellesskap og språksamarbeid

11.1 Nordisk språksamarbeid

Nordisk språksamarbeid har lange røter. Årlege språkmøte er haldne frå 1954. Frå 1978 fanst Nordisk språksekretariat. Sidan 2004 har den faglege forankringa vore Nordens språkråd, rådgjevande organ for Ministerrådet.

I Ministerrådet har språksamarbeidet vore organisatorisk forankra under det forskings- og utdanningspolitiske samarbeidsområdet.

Den nordiske språkdeklarasjonen frå 2006 stadfester politisk vilje til å halda oppe den nordiske språkfelleskapen.

11.2 Internordisk språkforståing

Intern språkvariasjon kan forklara at nordmenn er best til å forstå dei andre skandinaviske språka.

Undersøkingar viser svekt nabospråkforståing i Danmark og Sverige frå 1972 til 2005. For Noreg er situasjonen uendra.

Av islendingar og finnar nyttar mange engelsk i staden for skandinavisk i nordisk samanheng.

11.3 Verkemiddel i det nordiske språksamarbeidet

Nordens språkråd har i perioden 2004–2007 årleg fordelt ca. 8 mill. danske kroner til eit vidt spekter av språktiltak med nordisk relevans.

Innanfor det kulturpolitiske samarbeidet under Ministerrådet, dessutan frå Nordisk kulturfond, går det støtte til ulike kulturtiltak som også kan ha språkpolitisk relevans.

11.4 Oppfølging av Den nordiske språkdeklarasjonen

11.4.1 Bakgrunn og innhald

Språkdeklarasjonen handlar om fire språkpolitiske arbeidsområde: styrking av nabospråksundervisninga for å fremja gjensidig språkforståing, utvikling av ein konsekvent parallelsspråksbruk på relevante område, behovet for å vareta det språklege mangfaldet, og Norden som språkleg føregangsregion med vekt på språkfellesskap og klarspråksarbeid.

11.4.2 Generelt om oppfølgingsarbeidet

Språkdeklarasjonen må følgjast opp både nasjonalt og i det nordiske samarbeidet.

11.4.3 Språkforståing og språkkunnskap

Nabospråksforståing kan fremjast gjennom så vel utdanningspolitiske som kulturpolitiske verkemiddel.

Internordiske språkkurs, ulike former for nettverkssamarbeid for lærarar og tilgang til bøker på nabospråka er døme på relevante samarbeidstiltak.

Språkdimensjonen i kultursamarbeidet er særleg tydeleg ved støtte til omsetjing av nabolandslitteratur og utdeling av nordiske litteratur- og filmprisar. Viktig er også internordisk formidling av film- og tv-produksjonar og nordiske samproduksjonar.

Nyleg er det også oppretta ei støtteordning for utvikling av nordiske dataspel.

Derimot har det ikkje lykkast å gjera offentleg finansierte tv-kanalar i Norden automatisk tilgjengelege også i nabolanda.

11.4.4 Språkteknologi

Nordens språkråd har utpeikt språkteknologi som eit prioritert oppfølgingsområde. Tekst- og taleressursar i nasjonale språkbankar kombinert med utvikling av felles-nordiske reiskapar og metodar kan utgjera ein nordisk språkbank. Den vil fremja fellesnordisk språkforståing ved å bidra til å utvikla til dømes maskinomsetjingsprogram, internordiske ordbøker, tverrgåande søkjeprogram osv.

11.4.5 Oppsummerande vurdering

Nasjonal oppfølging av behovet for betre nabospråksundervisning er nærmere omtalt i ei stortingsmelding frå Kunnskapsdepartementet om språkstimulering og språkopplæring.

11.5 Oppsummering

Departementet vil m.a.

- at aktørar på kulturområdet deltek aktivt i nordisk samarbeid
- etablira eit program i folkebiblioteka for formidling av nabolandslitteratur
- at Den kulturelle skulesekken formidlar kunst og kultur også på nordiske nabospråk
- finna løysingar for betre tilgang på nabolandsfjernsyn
- følgja opp Den nordiske språkdeklarasjonen

12 Økonomiske og administrative konsekvensar

Alle tiltak i denne meldinga skal kunna dekkjast innanfor dei til kvar tid gjeldande budsjetttrammene.